



Gaute Haugland har her manipulert inn det aktuelle uttaksområde på eit flyfoto, som også syner nærleiken til Uskedalselva.

Sandtakuplanane til Trond Myklebust har møtt sterk motstand i lokalmiljøet på Haugland og nå møter han også motstand på høgre hald. Fylkesmannen fremjar motsegn til reguleringsplanen grunna manglande konsekvensutgreiing.

Kommunen har vurdert tiltaket til ikkje å verta omfatta etter forskrift om konsekvensutgreiing grunna storleiken på tiltaket. Dette er ikkje fylkesmannen samd i.

Fylkesmannen fremjar difor motsegn til planen slik den no ligg føre. Han peikar på at tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø, naturressursar eller samfunn og difor må det konsekvensutgreiast.

Uskedalselva er den viktigaste sjøaureelva i regionen, sleg fylkesmannen fast.

Fisket er tilgjengeleg og ofte utnytta for ålmenta båe blant kommunen sine egne innbyggjarar og turistar.

Fylkesmannen driv saman med Direktoratet for Naturforvaltning eit større og kostbart kalkingsprosjekt i vassdraget for å betra vasskvaliteten for fisken. Dette har ført til at Uskedalselva no også er i ferd med å bli ei svært viktig lakseelv.

Ved etablering av eit masseuttak så nær elva som det her er planar om, vil det kunne komma betydeleg med finstoff ut i elva. Fiskebestanden er ømfintleg for slike tilførsler, sleg fylkesmannen fast.

- Gytemoglegheitene vert forringa, og rogn og yngel vil kunne dø av tiltetting av botnsubstratet. Erfaringane frå liknande tilfeller andre stader er svært negative, opplyser fylkesmannen.

Det har også kome fleire kritiske merknader. Anne Marie og Kåre J. Myklebust har sendt klage. Dei driv gardsbruk med husdyr og stovehus og løe ligg tett ved vegen der lastebilane køyrer heile dagen. Det vert vanskeleg å jage dyra ut og inn. Vert folk, dyr eller bygningar skada under køyringa, skal kommunen få vera erstatningspliktig, skriv dei.

Astrid Døssland har veg inn gjennom det aktuelle området og spør om det ikkje skal gjerast ei skikkeleg konsekvensanalyse.

Eit stort masseuttak vil setja sitt preg på naturen og ha ei negativ estetisk side for naboane i nærområdet, påpeikar ho.

Slik ho har forstått teikningane ønskjer Myklebust å utvide vgen. For henne er det uakseptabelt at det blir teke av dyrka mark. Hvis det er ønskeleg med sterkare og breiare veg, kan Myklebust etter hennar meining leggje veg på eigen grunn. Dette vil og gje betre frisiktsone til bygdevegen/fylkesvegen.

Ho peiker også på auka tungtrafikk både langs bygdevegen/fylkesvegen og skogsvegen. Det vil føre til vanskar i høve til forbikøyring med manglande møteplassar og området ved Djupehølen kan lett rasa ut. Eit masseuttak vil også gje støv- og støyproblem som kan bli til sterkt ubehag for naboane i området, skriv Astrid Døssland. Ho peikar og på at skogsvegen og er brukt av turistar som tek seg fram til Ulvanåso.

Av Ola Matti Mathisen